



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2022/1433-26

Sakshandsamar: Knut Erik Paulsen

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	15.03.2023	28/23
Kommunestyre	28.03.2023	18/23

Reguleringsendring Høydalsmo Aust - endeleg vedtak

Saksframlegg godkjent av kommunedirektør, Finn Arne Askje 08.03.2023.

Vedlegg

- 1 Plandokument_Høydalsmo_2023
- 2 Plankart_Høydalsmo_Aust_førebelts
- 3 ROS_Analyse_2023
- 4 Høydalsmo_Aust_FøresegnEndring_2023
- 5 Uttalelse til reguleringsforslag - endring - Tokke - Høydalsmo aust - Slettemoen - reguleringsplan
- 6 Uttalelse til endring av reguleringsplan Høydalsmo aust - offentleg ettersyn - Tokke kommune.PDF
- 7 Uttale til endring av reguleringsplan Høydalsmo aust - Tokke kommune.PDF
- 8 Innspel Djuve
- 9 Innspel Jordstøyl

Bakgrunn for saka:

I 2022 var det sett i gong arbeid med endring av reguleringsplan Høydalsmo Aust. Føremålet med endringa var å få lagt til rette for leilighetsbygg ved Oftevatn. Ein vil og ta vekk høve til å lage camping i området.

Forslaget til ny reguleringsplan låg ute på høyring i perioden

I sluttfasen av planarbeidet er det kome inn eit planforslag på utbetring av E-134 gjennom Høydalsmo sentrum med ny Ofte bru. Dette har hatt innverknad på planarbeidet på Høydalsmo Aust. Ny europaveg kjem inn på industriområdet på Høydalsmo frå CircleK og til sentrum. Høydalsmo aust har blitt rettet opp slik at ny E-134 kjem i eigen plan som Vegvesenet lagar. Den blir lagt ut på høyring i mars. Det har kome inn 5 uttalar til saka når den var på høyring. Det er 3 frå offentlege og 2 private innspel.

Det er grunneigarane ved Brustø som er negative til at ein skal lage bru der. Sigmund Jordstøyl har og spelt inn at ein må take omsyn til at det er mykje snø på Høydalsmo og må ha stadar for snølager i planen.

Frå dei offentlege har Statsforvaltaren, fylkeskommune og Vegvesenet kome med innspel.

Statsforvaltaren ynskjer at ein teka vare på naturmangfaldet så godt som råd. Dei ynskjer at ein har ei buffer rundt Oftevatn med vegetasjonsskjerm.

Fylkeskommunen peiker på at det er nokre kulturminne som er frigitt og takast ut av planen.

Statens vegvesen peiker på at det er viktig å ta omsyn til trafikktryggleik, mjuke trafikkantar og universell utforming.

Vurdering

Det er positivt å legge til rette for bustadbygging på Høydalsmo. Dei kommentarane som har kome inn frå offentlege instansar er teke til etterretning og er ivaretaken i planen.

Grunneigarena ved Brustø er i mot at det skal byggast bru der. Ein endrar ikkje på planforslaget no pga at vil gjerne ha høve til å lage bru og turvegar rundt Oftevatn i framtida. Denne brua og turvegane vil ikkje bli bygd utan at ein kjem til semje med grunneigarane.

Kommunedirektøren ynskjer at endringane av reguleringsplan Høydalsmo Aust blir vedteken som den føreligg.

Kommunestyre si handsaming av sak 18/2023 i møtet den 28.03.2023

Røysting

Det var stilt spørsmål om Geir Arild Djuve var inhabil i saka. Vedteke med 17 - 3 røyster. John Gunnar Staver, Sverre Bakke og Jon Aslak Austjore stemte imot. 20 medlemmar.

Endringsframlegg frå Thor Arne Heggtveit, Sp:

Administrasjonen legg fram ei ny sak knytt til utnytting og regulering av tomt 3 og tomt 4.

Det var røysta over formannskapets vedtak:
Samrøystes vedteke

Røysting over framlegget til Heggtveit:
Samrøystes vedteke

Vedtak

I medhald av Plan- og bygningslova §12-12 blir framlegg til endring av reguleringsplan for Høydalsmo Aust vedteken slik den ligg føre.
Administrasjonen legg fram ei ny sak knytt til utnytting og regulering av tomt 3 og tomt 4.

Formannskap si handsaming av sak 28/2023 i møtet den 15.03.2023

Røysting

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak

I medhald av Plan- og bygningslova §12-12 blir framlegg til endring av reguleringsplan for Høydalsmo Aust vedteken slik den ligg føre.

Kommunedirektørens tilråding

I medhald av Plan- og bygningslova §12-12 blir framlegg til endring av reguleringsplan for Høydalsmo Aust vedteken slik den ligg føre.